

# RESOLUSJON

## Nei til særkrav til lærar- og sjukepleiarutdanningane!

Vedteken av Studenttinget 17.03.2024

### Resolusjon: Nei til særkrav til lærar- og sjukepleiarutdanningane!

Over heile landet blir det rapportert om mangel på lærarar og sjukepleiarar, og denne mangelen ser ut til å auka dei kommande åra. Samstundes står det tomme studieplassar på lærar- og sjukepleiarutdanningane ved fleire av utdanningsinstitusjonane – også ved Høgskulen på Vestlandet. I 2024 skal Regjeringa leggja fram forslag til nytt opptakssystem for høgare utdanning, og då er det på høg tid å fjerna dei særlege opptakskrava for lærar- og sjukepleiarutdanningane.

I dag er det mange eigna og motiverte menneske som kunne tenkja seg å bli lærar eller sjukepleiar, men opplever at karakterane frå vidaregåande skule set ein stoppar for draumane deira. Slik kan det ikkje vera. Utdanningsinstitusjonane skal ha lærar- og sjukepleiarutdanningar av høg kvalitet, med god oppfølging, vurdering, praksis og teori, og utdanna gode kandidatar. Då blir det feil å fokusera einsidig på kor kompetent ein er når ein startar på utdanninga, når det er sjølve utdanninga som skal gjera deg kompetent for arbeidslivet.

Utdanningane krev i seg sjølv mykje av studentane, og då er motivasjonen til studentane vel så viktig som karakterane ein søker seg inn med. Alle studentar må igjennom dei same krava til undervising, eksamen og praksis, og det er utdanningsinstitusjonen sitt ansvar å leggja til rette for dette. Då må styresmaktene gje utdanningsinstitusjonane gode rammer for gjera jobben sin, og la menneske som ønskjer det få søkja seg til lærar- og sjukepleiarutdanning.

### Studenttinget på Vestlandet meiner at

- ▶ Dei særlege opptakskrava til lærar- og sjukepleiarutdanningane må fjernast.
- ▶ Høgskulen på Vestlandet må arbeida opp mot sentrale styresmakter for at dei særlege opptakskrava til lærar- og sjukepleiarutdanningane skal fjernast.